



4 av dei mest trufaste gjestane: Britt og Ivar Bernhard Arnesen og Jan Henrik og Liv Hansen

**Det vart ikkje ny rekord ifjor, men besøket er stabilt i tysdagskafeen Tlaren som vart etablert i Gamleskulen hausten 2007.**

**68 803 kroner var summen i 2013 medan talet var 72 517 året før og 65 000 i 2011. Kafeen held altså posisjonen sin som ein viktig sosial møteplass i bygda og ei solid inntektskjelde for Uskedal Utvikling, Den var ope 50 tysdagar ifjor og det betyr at det i snitt vart selt for 1376 kroner. Ikkje dårleg når ein veit at maksiprisen er 10 kroner,**

Besøket nådde ein topp i ferietidene også i fjor, med eit sal for rundt 2 500 kroner ein dag i mars og ein dag i juli. Julidagen viser statistikken besøk av 65 vaksne og 21 born. Men dugnadssdamene er ikkje heilt sikre på at dei får med seg alle når dei reknar på toppdagar som denne,

Rundt rekna halve summen som kjem inn kan reknast som overskot.

Dei 3 fyrste opningsdagane i 2014 hadde eit sal for 3 580 kroner tilsaman.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen  
NETT: Ola Matti Mathisen